



29.juni 2009

PROTOKOLL

Møte i **Programutvalet for lærarutdanning ved Det humanistiske fakultet** tysdag 23.06.2009, kl 1300-1500, rom 435, HF-bygget.

Dersom nokon ynskjer vedlegg til sakene, ta kontakt med Erna Synnøve Kjensjord, 55 58 24 36 eller på e-post: Erna.Kjensjord@i1e.uib.no

Til stades:	Leiar	Endre Brunstad
	AHKR	Sven-Erik Grieg-Smith
	LLE	Torodd Kinn
	IF	Anne-Brit Fenner
Frå administrasjonen:		Erna Synnøve Kjensjord (sekretær)
	Studentrepresentant, IL	Elin Stengrundet

I **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

II **Orienteringssaker**

1. Møte i lærarutdanningsutvalet

2. Møte i programstyret

3. Semesterstart hausten 2009

Det vert orienteringsmøte for PPU 10.august og for nye studentar på integrert lektorutdanning 11.august kl.10.15. Det vert óg heldt egne orienteringsmøte for dei andre kulla på lektorutdanninga måndag 17.august kl.12.15.

4. UH-nett Vest med tiltaksplan for utdanningssamarbeid

Ei handlingsplan for utdanningssamarbeid innanfor UH-nett Vest vart sendt til UiB i mai. HF/ UiB hadde nokre kritiske merknadar til planen, og gav tilbakemelding om dette 20.05.09. Handlingsplanen er vedteke, men det er uklart kva status planen har.

5. Forskarskule for lærarutdanning

6. Diploma supplement

7. Fleksibel praksis hausten 2009

8. Møte med fakultetsleiinga om nye studieplassar på lærarutdanninga

Endre Brunstad orienterte om møtet mellom instituttet og fakultetsleiinga angående dei nye 40 plassane til PPU og 10 plassane til IL. Fordelinga av dei 10 plassane på lektorutdanninga vert fem på nordisk og fem på framandspråk. Det vart uttrykt uro for at ikkje alle faktorar vert tatt omsyn til

når ein aukar opptakstala. Både undervisningsressursar og tal på praksisplassar set grensar for talet på studentar ein kan ta opp. UiB har her eit ansvar for kvalitetssikring også ute i skulen. Det kom også frem at PPU vert rekna som eit meir kostnadskevjaende studieprogram enn IL i rangeringsoversikta til UiB. Erfaringa tilseier ikkje at IL er mindre kostnadskevjaende enn PPU.

9. Programsensorrapport

Bjørn Kvalsvik Nicolaysen er i ferd med å fullføre programsensorrapporten, og har i arbeidet vore særskild oppteken av "fleksibel praksis" og ressursituasjonen for lærarutdanninga.

III

Saker

S 09/01

Konstituering

Programutvalet for lærarutdanning ved HF vart konstituert, med fråver av éin studentrepresentant frå PPU. Denne representanten er enno ikkje på plass.

S 09/02

Mandat for programutvalet

Mandatet, slik det vart skissert i dei opphavlege planane frå fakultetet, er noko uklart og ikkje så utfyllande. Det er difor behov for at programutvalet sjølv utarbeider eit klarare mandat, blant anna for å skilje mellom LUHF og PUHF sine oppgåver.

Synspunkt som kom frem i møtet:

- "Kvalitetssikring" og "programutvikling" må inn i oversikta over PUHF's ansvarsområde.
- Budsjettrammene må avklarast, og det er viktig med ei synleggjering av kostnadene ved mandatet.
- "Utveksling" vert nemnt som ei av oppgåvene til PUHF. Vil utvalet ha avgjerdsfullmakt til dømes når det gjeld oppretting av nye avtaler?
- Det bør presiserast at PUHF er eit rådgivande organ i samband med emneskildringar av emne som inngår i lærarutdanninga.

Det vart elles peikt på behovet for faste møteplassar for det fagdidaktiske miljøet, eit "Fagdidaktisk forum".

På grunnlag av merknadene som kom frem i møtet vil Brunstad lage til eit skriv med forslag til justeringar av mandatet, som vil verte oversendt fakultetet.

S 09/03

Framdriftsplan for arbeidet i programutvalet

Utvalseiar kjem tilbake til møteplan for hausten, men utvalet tek sikte på å møtast kvar fjortande dag.

V

EVENTUELT

Torodd Kinn orienterte om strukturendringa på nordisk 200- og 300-nivå og dei konsekvensane dette har for studieplanen for IL med master i nordisk.

Fagmiljøet held på å utarbeide eit disiplinbasert bachelorprogram og 250-koder, noko som fører til endringar av emnekodeane på 200-nivået, og i neste steg endringar på 300-nivået, på integrert lektorutdanning.

Endre Brunstad

Erna Synnøve
Kjensjord